

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato	21.09.2023
Vår referanse	2023/57594-11
Dykkar referanse	23/1427 - 23/19473
Sakshandsamar	Caroline Nordøy Håvik
E-post	Caroline.Nordoy.Havik@vlfk.no
Telefon	

Uttale - dispensasjon - riving og oppføring av våningshus - gnr. 13 bnr. 1 - Lonevåg - Osterøy kommune

Viser til dispensasjonssøknad sendt oss til uttale 01.09.2023.

Saka gjeld

Søknaden gjeld riving av eldre våningshus og oppføring av nytt våningshus på gnr. 13 bnr. 1 i Osterøy kommune. Det vert og søkt om oppføring av eit minireinseanlegg.

Historikk på eigedomen og uklarheiter i søknader

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg mottok 02.05.2023 søknad om utvida bruk av avkøyrsløye i samband med riving og oppføring av nytt gardshus. Det vart 30.05.2023, sendt ut svar via e-post kor det vart etterspurd meir informasjon, og samstundes informert om at dersom dei skal rive og oppføre ny bustad på same bruksnummer, med same tal brukseiningar og bruk av same avkøyrsløye er det ikkje nødvendig å søke om løyve til avkøyrsløye. Vi vart same dag informert om at tiltaket innebar riving og oppføring av éin bustad på same bruksnummer. Det vart lagt til grunn at bustaden har avkøyrsløye, og tiltaket ikkje er søknadspliktig etter veglova § 40.

03.07.2023 mottok vi søknad om utvida bruk av avkøyrsløye i samband med frådelling av ein parsell kring eksisterande gardshus. Bruken av avkøyrsløye ville ikkje verte endra, og same avkøyrsløye skulle nyttast. Vi sendte mellombels svar 13.07.2023 kor vi viste til at det må søkast om dispensasjon frå KPA for frådelling til Osterøy kommune, før vi handsamar søknad om utvida bruk av avkøyrsløye.

Dispensasjonssøknaden som vi no har motteke frå Osterøy kommune forstår vi som å gjelde same tiltak som vi mottok 02.05.2023, riving av- og oppføring av våningshus på same bruksnummer.

Vår vurdering

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg er einig i at det er positivt at våningshuset vert flytta lenger unna fylkesvegen. Tiltaket med riving av- og oppføring av våningshus på same bruksnummer vil ikkje utløyse krav om nytt avkøyrsløye. Vi har ingen merknader til tiltaket.

Dersom Osterøy kommune har mottatt søknad om frådelling av parsell, ber vi om å få dette oversendt for uttale. Etter ei førebels vurdering har vi ingen merknad til ei eventuell frådelling. Vi vil handsame søknad om utvida bruk av avkøyrsløye til den frådeltte parsell dersom Osterøy kommune gjer dispensasjon til frådelling.

Dersom det vert behov for å nytte areal av fylkeskommunen sitt eigedomsområde for arbeidet med riving av det eksisterande våningshuset, kan det vere krav om arbeidsvarsling. Sjå lenke for meir informasjon. <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/soknad-om-plassing-av-container-eller-stillas-med-og-utan-lift-langs-fylkesveg/>.

Med helsing

Kari Elster Moen

fagkoordinator

INV - Forvaltning Bergensområdet

Caroline Nordøy Håvik

rådgjevar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift